

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
058/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
061/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/630

## Tilslutning av nye deltakerkommuner til Bergen og Omland Friluftsråd

### Vedlegg:

Saksutredning nye kommuner til BOF  
Samarbeidsavtale mellom deltakerkommunene og Bergen og Omland Friluftsråd  
Forslag til ny samarbeidsavtale Bergen og Omland Friluftsråd  
Referat fra årsmøte BOF 2023 - signed  
**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Osterøy Kommune gir med dette sin tilslutning til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye daltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap med virkning frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forpliktelsar følger av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar. (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommuneloven»).**

### Formannskapet - 058/23

#### FS - behandling:

#### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Osterøy Kommune gir med dette sin tilslutning til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye daltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap med virkning frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forpliktelsar følger av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar. (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommuneloven»).

### Heradsstyret - 061/23

#### HS - behandling:

#### AVRØYSTING:

Formannskapet si innstilling vert samrøystes vedteke

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**HS - vedtak:**

Osterøy Kommune gir med dette sin tilslutning til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltagarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap med virkning frå 01.01.2024. Dei nye deltagarkommunane sitt ansvar og forpliktelsar følger av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar. (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommuneloven»).

**Saksopplysningar:****Saksopplysningar:**

Vestland fylkeskommune oppfordrar kommunane i fylket til å söke deltagelse i friluftsråd. Hausten 2021 hadde fylkeskommunen utlysing av «tilskot til prosjektering for å få med fleire kommunar i eit friluftsråd». Tilskotsramma var på til saman kr 450 000,- kommunar og friluftsråd kunne sökje. I si saksutgreiing skreiv fylkeskommunen blant anna:

*«For å styrke satsinga på friluftsliv i Vestland og for å oppnå mest mogleg hensiktmessig forvaltning og drift av tilrettelagte friluftsområde, er det eit ønske at flest mogleg kommunar er medlem av eit friluftsråd. Erfaring visar at kommunar som har organisert drifta av friluftsområda i kommunen gjennom eit friluftsråd får mykje meir igjen for pengane enn om dei sjølv skulle stått for drifta av desse områda. Friluftsråda bidreg til eit auka fokus på friluftsliv og naturforvaltning ved at dei organiserer stranddryddeaksjonar, arrangerer friluftsaktivitetar og er høyringspart i saker som omhandlar friluftsliv. Bergen og Omland Friluftsråd søker om tilskot for å kunne sette av interne ressursar for å utgreie medlemsskap for ein eller fleire nye medlemskommunar. Dei vil arrangere arbeidsmøte med kommunane og få fram eit kunnskapsgrunnlag som gjev dei aktuelle medlemskommunane gode føresetnadar for å kunne fatte vedtak om medlemsskap. Kommunane Voss og Gulen har teke kontakt for å kartlegge mogleg medlemsskap.»*

BOF fekk tildelt kr 165 000,- til formålet. BOF er motivert til å utvikle selskapet vidare ved bland anna å hjelpe nye deltagarkommunar med å setje friluftslivet på agendaen nettopp slik fylkeskommunen ynskjer.

I løpet av februar og mars månad 2023 mottok BOF søknad om deltaking frå dei fire kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Tilbakemeldinga frå Voss herad er og positive, men BOF forstår det slik at denne kommunen treng litt meir tid før eit eventuelt vedtak vert lagt fram for heradsstyret for avstemming. Søknad frå Voss er p.t ikkje motteke, men kan forventast i løpet av året.

For meir detaljer sjå vedlegg.